



Jostein Almås frå Stord fekk skikkeleg fangst på tampen av sesongen

Denne sesongen vart det fanga 385 kilo fisk i Uskedalselva.

Det går fram av den samla rapporten som låg føre i kveld. Leiar Kåre Vetthus i grunn- og elveeigarlaget er gledeleg overraska.

På grunn av låg vass-stand og to veker kortare fiskesesong enn i 2009 venta han ikkje eit så bra resultat.

Særleg ikkje på bakgrunn av rekordfisket i fjor, då det vart fanga 506 kilo laks og aure.



Ivar Kåre Døssland tok den største laksen i år: 8,9 kilo!

I sesongen som slutta 15. september vart det teke 74 laksar under 3 kilo og dei vog 125 kilo.

Det vart vidare fanga 33 laksar mellom 3 og 7 kilo som vog 129 kilo og 2 laksar på over 7 kilo som vog 16 kilo. Den største laksen, på 8,9 kilo, var det Ivar Kåre Døssland som fekk. Ser ein så på aurefangstane vart det teke 96 fiiskar med ei samla vekt på 115 kilo.

Etter eit tregt fiske på grunn av lite vatn tok fisket seg kraftig opp mot slutten av sesongen stimulert av regnver.

Jostein Almås frå Stord var ikkje minst glad for det: Han fanga 11 fiskar og rundt rekna 20 kilo fisk på 4 fiskedagar. Den største fisken han tok var 6,8 kilo.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen